

Fra: laila bjørge <laila.bjorge@dcpost.no>
Sendt: 11. desember 2014 22:21
Til: Postmottak Lindås
Emne: innspel til høyring av utviding av akvakulturanlegg i Storskredbukta. ref. Christian H Reinshol

Me har saman med to andre grunneigarar nyleg fått freda eit større skogområde mot Hindenesfjorden gjennom ordninga frivillig skogvern. Årsaka til at me gjorde dette var at me ynskje å ta vare på dei naturkvalitetane som området har både når det gjeldt dyreliv og plantar. Me ynskjer difor ikkje ei utviding av akvakulturanlegget i Storskredbukta fordi ein meiner at dette kan påverka den samla belastninga på økosystema i området i feil retning jf naturmangfaldlova. Det er registrert både ørn og vandrefalk som truleg har hekkeplass i området ved Storskreda, og det er difor ikkje ynskjeleg med meir utbygging her.

Me vil be om at søknaden vert grundig utreda etter naturmangfaldlova, og rår kommunen frå og gje dispensasjon for utviding.

Med helsing Laila Bjørge og Inge Revheim, eigar av gnr. 241, bnr.3 Bjørge i Lindås